

Osterøy kommune  
Planavdelinga

5282 LONEVÅG

Lonevåg 22.03.2018

## OMRÅDEPLAN LONEVÅG – UTTALE

Lonevåg grendaråd er positiv til at arbeidet med områdeplanen no er kome i gong. Det er viktig for Lonevåg å få ein heilheitleg plan for utviklinga framover.

Lonevåg har mange gode historiske og naturbundne kvalitetar det er verdt å ta vare på og vidareutvikle, frå friluftsområdet ved Husavatnet via langskipsnaustrunnane i Støvika til strandsona med båthavn, fiskeplassar og friområde. Å skapa god infrastruktur mellom desse områda vert også sett på som viktig.

Lonevåg som handelssentrum for Osterøy er viktig å ivareta, og ein må i planarbeidet leggje tilhøva til rette for vidare utvikling med eit levande sentrum for næring og bustad. I arbeidet med planen vil det å finne ein sams identitet, eit særtrekk for sentrumsområdet kunne vere med å løfta omdømet til Osterøy.

Her er også tidlegare utviklingstrekk det kunne vere grunn til å korrigere.

Når det gjeld areal for bustadutvikling, er kapasiteten i ferd med å auke noko, og ein bør sjå vidare framover og peike ut nye område for utvikling. I tidlegare versjon av kommunen sin arealdel har området vest og sør-vest for det gamle vassverket vore med. Dette bør inngå i planområdet for områdeplanen, med tanke på framtidig bustadutvikling.

Me ser fram til eit positivt samarbeid om det vidare arbeidet med planen.

Med helsing  
Lonevåg Grendaråd

Rune Solberg  
Leiar